



Marianne Korsvold og Oda Bakke hadde tilsynet med nokre av tilsynsapparata.

Uskedal helselag har vore og er ein viktig samarbeidspart i arbeidet med prosjektet Gull av Grus. Helselaget hadde eigen stand på opninga med innlagde aktivitetar. Les meir og sjå resultata frå quizen og andre testar.

26 personar testa sukkerkunnskapane sine. Det var vanskeleg. Berre ein person, Kjellaug H Myklebust hadde alt rett. Ho vil få Nasjonalforeningen sin refleksevest. Det vil bli nytt høve til å testa sukkerkunnskapane 08.05.18. Stad vert kunngjort seinare. Fasiten kjem difor etter at hjarteveka er avslutta 08.05.18.

19 personar prøvde seg på hjartequizen. Ingen hadde alle 20 spørsmåla rette. Ein person, Monica Hermann hadde 19 rette. Ho vil få også få Nasjonalforeningen sin refleksevest.

30 personar prøvde treningsapparata. Mellom dei som prøvde vart det trekt ut ein ryggsekk frå Nasjonalforeningen. Den gjekk til Hilda Guddal.

I bøssene kom det inn kr. 476,00 til hjarteforskning. Uskedal helselag takkar hjarteleg for gåva.

Takk til alle som støtta opp om opninga av GULL av GRUS.

Tekst: Eli Roseth Eik

Foto/nett: Kristian Bringedal